




Foto: Willy Haraldsen

## Rute og ymse av interesse

Ålvik var fram til 1905 eit lite bondesamfunn med 4 gardar, nokre plassfolk og handverkarar. Fyrst eit klungjetun, så skilt ut etter brann i 1891. I 1905 kjøpte ingeniør Hjort jord- og fallrettar til industriføremål, med industrireising i 1915-18. På 5 år auka folketalet frå om lag 100 personar til 900, før uhell i røyrgata og nedgangstid, med produksjonsstans i 1919/20. Omstilling frå carbidproduksjon til ferrocrom og silisium, frå 1924/25 og full rehabilitering i 1928. I dag er det også mellom anna fiskeoppdrett, gartneri og gjødseltørkeri i Ålvik.

Terreng: Gangvegar med asfalt og grus. Bratt stigning nokon stadar, parkbenkar langs vegen.
Tid: Den lengste turen tar om lag 2 timar.

**(1) Parkering**. På rasteplassen som ligg ved Tyrvefjøra, er ein del av Tyrvegarden, som vart gjenreist i 1894, etter brannen. Området har vore busetjingsstad sidan bronsealderen, spor kan du sjå ved gravhaugen like ved riksvegen på Gråanes. Den nye tida ser du på venstrehanda, Skjeret ein gammal husmannsplass som er dei første «Egne hjem» for tilsette på A/S Bjølvefossen, frå 1935-37. Husa er i funkisstil, og teikna av arkitekt Beer.

**(2)** til **(3)** fører opp til Vetleveitvegen og «Kleiva» opp i Ålvik, til høgre, Vetletveit, gjennom naturterreng og bustadfelt frå 1975-85, med utsikt over Skjæret. Vidare innover kjem ein til Ålvik gjestehus.

**(4)** Vegskilje etter «Kleiva», Skulevegen eller «Rundeveien». - Til høgre, det gamle gardstunet, - til venstre, bustadområde frå 1917. Du kan og gå til Storhaug og sangertribunen (frå 1958), stemneplass i vakker natur.
**(5)** Bustadane her er frå 1917 og var med dei første familiebustadane etter

## Route and places of interest

Until 1905, Ålvik was a small rural community of four farms, a few cotters and some tradesmen. Originally clustered around a square, the village expanded following a fire in 1891. In 1905 an engineer named Hjort purchased the land and water rights for industrial purposes, establishing a metals plant (A/S Bjølvefossen) in 1915-18. In five years the population grew from about 100 to 900 people, until an accident in a conduit led to production being halted in 1919/20. After 1924/25 the plant switched from producing carbide to ferrochromium and silicon, becoming fully operational again in 1928. Other industries in Ålvik today include fish farming, horticulture and dried fertilizers.

Terrain: Tarmac or gravel footpaths, steep in places, park benches en route
Time: Max. 2 hours

**(1)** Car park. Beside the lay-by at Tyrvefjøra stands part of Tyrvegarden, a farm rebuilt in 1894 after the fire. This area has been inhabited since the Bronze Age. The burial mound beside the main road at Gråanes contrasts with a piece of more recent history on your left: a house in Functionalist style, designed by Beer, the first to be erected under the 'own home' programme for employees of A/S Bjølvefossen in 1935-37.

**(2)** and **(3)** lead uphill to Ålvik, via Vetletveitvegen (road) and 'Kleiva' (steep hill). With Vetletveit on your right, you pass through an area of open country and housing (built 1975-85) with views over Skjeret. Further on, you come to Ålvik Gjestehus (guest-house).

**(4)** Road junction after 'Kleiva' - Skulevegen/'Rundeveien'. On your right, the old farmyard. On your left, housing built 1917. You can also walk to Storhaug with its open-air stage dating from 1958, set amid beautiful scenery.

**Sjå Tur 20 for reiserute og fotturar**
See Tour 20 for route and walks

brakkebyen. «Grønagato», «Gulagato» og «Rauagato», etter farge på husa. Dei grøne og gule husa var arbeidar husvære, med fire familiar i kvart hus. Dei raude husa til funksjonærane, med to familiar i kvart. Arkitekturen syner såleis skilje mellom arbeidar og funksjonær. **(6)** og **(7)** er skilje mellom øvre- og nedrebyen. «Villabyen» som ligg nedanfor, er einebustadar for administrasjon og driftsleiing. Her var og husa raude, medan adm.direktør hadde kvitt hus, som i dag.

**(7)** Eit vegskilje mellom den øvste «brattbakken» som fører ned til «Torget», handels- og industriområde. **(8)** Vegkrysset mellom Elvely, Skulevegen og Haugenjordvegen. I Elvely står nokre av dei gamle husa, flytta frå industriområde, samt eit kokkelag.

**(9)** Det gamle klyngjetunet i Ålvik, gjenreist etter brannen i 1891. «Edelsteinshuset» (nr.7), våningshuset etter Amundsgarden, namnet er frå eigaren som selde til A/S Bjølvefossen. Fru Edelsten selde møblar og mjølk i industrireisinga, fram til 1934. Bedehuset (nr.2) har vore kyrkjehus, skule og kafe. I dag er huset tomt.
Skulen er opprinneleg frå 1931. Langs Karaldeelva og Trånavegen nr.38 går «Grisestien», etter grisehusa som stod her, på den tid folk hadde «villagriser» til matauk.

**(10)** Til venstre Trånav. nr.42, «Hurperud», opprinneleg brakke og husvære/kokkelag for m.a. kontordamene. No endra til bustadhus. Nr. 44, Folkets hus, vart gjenreist i 1948-49, etter brann i 1944, då det var under tysk okkupasjon. Til høgre, minnesmerke etter dei falne i 2. verdskrig.

**(11)** Trånavegen nr. 52, er det gamle våningshuset til Trånagarden, gjenreist etter brannen i 1892, no Ålvik barnehage. «Stallen», etter den tid det var hestar på garden og tente som stall for Bjølvefossen, som hadde eigen stallmester. No næringsbygning, med nybygg frå 1961, med bibliotek og idrettshus.

**(12)** Kyrkja vart invigd i 1961. Arkitekt: Esben Poulsson.

**(13)** Langs «Sjukehusvegen», Trånavegen og «Femtimannsboligen», som var hybelhus for 54 personar, frå 1948. Sjukestova nr. 91, frå 1915, hadde to isolat, for å hindra smittespreiing. No er huset utbetra og moderne.

**(14)** Riksveg 7 Ålvikvegen. Attende til Ålvik, der du ser deler av A/S Bjølvefossen. Frå Trånavegen nr. 1 går vegen opp i Ålvik. Trånavegen nr. 3 er Ålvik Industri-arbeidar museum, som er ope på førespurnad på Kvam kulturkontor (telf. 56 55 12 00). På museet kan du få meir kjennskap til industristaden Ålvik. Husa på museet er frå 1916 og var familiehusvære for 4 familiar. Museet viser og husvære frå 1920-30 og 1950-60, og ein billedmontasje frå Ålvik. Nr. 1 var skulehus fram til 1920.

**(15)** Opp Trånavegen kjem du til Villabyen, frå 1916/17. Ved Villabyen 8-10 ta vegen ned mellom nr. 11 og 5. Før var dette området forbode for arbeidarar. Nr. 11 er representasjonbustaden.

**(16)** Ved Ålvikvegen, på «Blåkol», til høgre, er «torget». Om du ikkje ynskjer å gå gjennom Villabyen kan du gå langs med riksvegen frå (14), eller du kan ta ned «Brattbakken» ved Trånavegen nr. 5 og 7, til Ålvikvegen.

Gå no tilbake til utgangspunktet, anten ved å fylgja riksvegen, fram til Skjeret, eller ved å gå ned mot sjøen og Skjerabrekko. Hus nr. 1123 var opphaveleg husmannsplassen Skjeret. Det som var opphavet til namnet Skjeret vart til molo og båthamn i 1963-64.

**(5)** The houses here date from 1917 and were some of the first family homes built alongside the workers' dormitories. The streets are known as 'Grønagato' (green street), 'Gulagato' (yellow street) and 'Rauagato' (red street), depending on the colour of the houses. The green and yellow buildings housed workers (four families to a house), the red buildings housed clerks (two families per house), and the architecture reflects the difference in status. **(6)** and **(7)** mark the dividing line between the upper and lower parts of the village. The 'villa district' below comprised detached houses for managers and foremen, which were also painted red. The managing director's house was white, as it still is.

**(7)** Road junction, from where a steep hill leads down to 'Torget' (market-place), a commercial and industrial area.

**(8)** Junction of Elvely, Skulevegen and Haugenjordvegen. Some of the old houses have been moved from the industrial area to Elvely, along with a refectory.

**(9)** The old village square of Ålvik, rebuilt after the fire of 1891. 'Edelsteinshuset' (no.7), originally the Amundsgarden farmhouse, is named after the landowner who sold the area to A/S Bjølvefossen. Mrs Edelsten continued to sell furniture and milk during the industrialization period until 1934. Bedehuset (the meeting-house, no. 2) has been used as a church, school and café, but is currently unoccupied. The school dates from 1931. 'Grisestien' (pig path) runs from Karaldeelva (river) to Trånavegen no. 38 and takes its name from the pigsty that once stood here, in the days when people used to keep 'domestic' pigs.

**(10)** On your left, Trånavegen no. 42, 'Hurperud', originally the secretaries' dormitory, living quarters and refectory, now a private house. No. 44, Folkets Hus (community centre), was rebuilt 1948/49 following a fire during the German occupation in 1944. On your right, a memorial to those killed in the Second World War.

**(11)** Trånavegen no. 52 is the old Trånagarden farmhouse, rebuilt after the fire in 1891 and now used as a nursery school. The stables remained in use by A/S Bjølvefossen, which employed its own groom, and are now commercial premises, with an extension from 1961 incorporating a library and gymnasium.

**(12)** The church, designed by Esben Poulsson and consecrated 1961.

**(13)** Further along Trånavegen, 'Femtimannsboligen' (built 1948) contained lodgings for 54 people. No. 91, the infirmary, was built 1916 and has since been renovated and modernized. Originally it contained two isolation rooms for infectious patients.

**(14)** Riksveg 7, Ålvikvegen, takes you back into Ålvik, where you can see parts of the A/S Bjølvefossen plant. From Trånavegen no. 1 the road leads uphill to the village. Trånavegen no. 3, the Ålvik Industrial Workers' Museum, is open by prior arrangement with Kvam district cultural services (tel. 56 55 12 00). The museum building, dating from 1917, was originally living quarters for four families. The museum also displays living quarters from the 1920s and 1950s and a collection of historical photographs. Trånavegen no. 1 was the schoolhouse until 1920.

**(15)** At the end of Trånavegen you reach Villabyen (villa district), built 1916/17. From nos. 8-10, take the road leading downhill between nos. 11 and 5. This area used to be off limits for workers. No. 11 is the company guest-house.

**(16)** On the right-hand side of Ålvikvegen at 'Blåkol' is the market-place. To cut out the villa district, follow the main road from **(14)** or cut down the steep hill from Trånavegen nos. 5 and 7 to Ålvikvegen.

Return to your starting point via the main road or via the shore and Skjerabrekko. House no. 1123 was originally a croft, Skjeret, named after the skerry which was made into a breakwater and marina in 1963/64.

---

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.


**Kopiering er ikkje tillatt All rights reserved.**
BODONI HUS